



Referat frå Vår møte 2011 i Sogn og Fjordane Skikrins

Skei Hotell 23. mai

Møteleiar: Lilly Schøyen (SFSK/Skikrinsstyret)

Referent: Britt Kari Vasstein (Jølster IL Alpin)

Sakliste

- 1.1. Velkommen
- 1.2. Fellesdel med tverrfageleg innhald
- 2.1. Evaluering av sesongen 2010/2011
- 2.2. Fjord 1 samlingar 2011/2012
- 2.3. Krinslaget 2011/12
- 2.4. Opplegg for FIS-løparar 2011/12
- 2.5. Terminlista 2012
- 2.6. Økonomi og budsjett
- 2.7. Eventuelt

Fellesdel

1. Velkommen v/krinsleiar Inge Fænn
2. Fellesdel med tverrfageleg innhald.

Markane IL presenterte ny rulleskibane i Markane, offisiell opning vert 19. juni d.å. med grilling og markering av hendinga. Markane IL kan skilte med 4 km asfalterte løyper i kuppert terreng på 340-360 m stigning. Her er det mogelegheit for andre å tinge tider til ein overkommeleg pris.



Trenarutdanning

Yngve Thorsen informerer om trenarutdanning og presenterer ulike trenarutdanningar på høvevis Juvass og Sognefjellet i perioden 18.juni til 1. juli. Han oppmodar om å utvikle klubbane ved å utdanne trenarar og anna personell.

T 1 – T4. OBS! Frist for påmelding, 1. juni 2011.

Andre aktuelle kurs er:

Skileikutdanning: vekst utvikling, læring av teknikk og løypesetjing.

Arrangørutdanning nivå 1-3

Dommar/TD

Greinvise grupperingar

Sak 1 Evaluering av sesongen 2010/2011

Lilly Schøyen informerer:

- Alle renn gikk som planlagt med unntak av Even Hole Cup og Grotliarena.
- Gode skihøve og god aktivitet kvalitetsmessig gode arrangement.
- FIS renn og Landsfinale i Jølster.
- Større deltaking på krinsrenn og på Fjord 1 cup.
- Ein har klart å behalde tal lokale FIS-løparar gjennom sesongen.
- Hhistorisk mange FIS-løparar i fylket.
- Gode resultat på HL/ LF.

Vidare rapporterer Lilly om gode tilbakemeldingar på ordninga med fleire rennfrie helger, då løparane får konsentrere seg om trening.

Det var ønskeleg å komme tidlegare i gang med rennsesongen og fleire meinte at opphald i januar på tre veker vart eit noko langt opphald.

Det vert vidare føreslått frå salen at ein har to rennfrie helger neste sesong.

Sak 2 Fjord 1 samlingar

Samling	Stad	Tidspunkt	Nedre aldersgrense
Ski	Juvass	26.-29. mai 2011	Fødselsår 2000
Ski	Juvass	01.-04. sept. 2011	Fødselsår 2001
Barmark	Sogndal	September	Fødselsår 2000
Ski	Hintertux	09.-16. okt. 2011	Fødselsår 2001
Barmark	Førde	Oktober	Fødselsår 2000
Barmark	Nordfjordeid	November	Fødselsår 2000
Ski	Hafjell	24.-27. nov. 2011	Ingen
Ski	Hafjell	12.-15. jan. 2012	Ingen
Ski	Sogndal	03.-05. feb. 2012	Fødselsår 2001

Hafjellsamlinga

Halvard Nygard kjem med innspel om at forslaget frå Skikrinsen om **12.-15. januar 2012** for Hafjellsamlinga vart noko seint. Fleire sa seg einige i dette og det vart diskutert fleire alternativ for tider. Yngve Thorsen informerte seinare om at 12.-15.januar likevel ikkje vart ein aktuell periode å avvikle Fjord1 samling på Hafjell.

5- 8. januar er eit reelt alternativ for avvikling iflg. Thorsen, men dette kolliderer med FIS renn der 7-9 løparar vert råka.

2.-5. januar vert føreslått som ein mogeleg periode, det vert då 4 arbeidsdagar/2 skuledagar ein lyt fristille seg frå arbeid/skule. Også nyttårshelga vart diskutert.

Det vart ikkje bestemt ny tid for avvikling av Fjord 1 samling på Hafjell, men ein avtaler å undersøke med Peter kva for faktiske alternativ ein har.



Fjord 1 cup

Lilly informerer om at det har kome forslag om å arrangerer amerikansk SSL (parallel storslalom) i Fjord 1 finalen. Ho informerer samtsundes om at klubbane står fritt til å velje alternativt ved arrangementet.

Det kjem innspel frå salen om noko dårleg premiering til Fjord 1 renna grunna låg påmeldingskontigent. Det er einigheit om at ein bør ha ein viss standard på premieringen då dette er rekrutteringsrenn.

Det kjem spørsmål om påmeldingskontigenten til Fjord 1 renna bør hevast frå kr 30,- til kr 50,-. Dette har vore handsama i Skikrinskomiteen ved tidlegare høve, men Lilly tek dette med seg til ny vurdering i komiteen då det er mange år sidan sist denne avgifta vart heva.

Lilly informerer:

Treningsavgifta for Juvass vert kr 500,- pr. dag pr.pers pga. låg deltaking på akkurat denne samlinga..

På dei andre samlingane stiller Kjus Rennskule med trenarar til gruppe 1, 2 og 3.

Lokale trenarar stiller på gruppe 4 og 5.

Overnatting/ innkvartering:

- Raubergstulen, Juvass sml. 1
- Elveester, Juvass sml. 2
- Hotel Tirollerhof, Tux
- Alpinlandsbyen, Hafjell sml. 1 og 2

Lilly informerer om at det er kun 10 påmeldte til samlinga 27. – 29. mai. Det vert difor truleg ei auke i påmeldingsavgifta til kr 500,- pr. deltakar.

Det kjem spørsmål frå salen om det evt vert rimelegare dersom andre klubbar fyller gruppa.

Dette seier Lilly ho vil undersøke..



Spørsmål frå salen vedr. Septembersamling på Juvass, vil det vere nok snø? Bør ein ha eit alternativt opplegg dersom snøen ikkje held?

Barmark har vorte alternativ tidlegare år, og ein vurderer det til at ein lyt ”ta det som det kjem”.

Sak 3 Krinslaget / Krinssamlingane

Lilly informerer:

Alpinkomiteen har i møte 10. mai gjort vedtak om at kringlaget/ kringssamlingane i alpint vert vidareført etter følgjande modell:

Komiteen legg til rette for om lag same samlingsopplegg som tidlegare (barmark/ ski), sjå samlingsplan.

Ein legg opp til påmelding til kvar samling iht. aldersgrenser

Utøvarane vert fakurert for treningsavg. og kostn. med overnatting ifbm. kvar enkelt samling

Nedre aldersgrense for barmarksamlingane vert for sesongen 2011/ 2012 sett til fødselsår 2000

Utøvarar f. år 1998 får høve til kjøpe bekledning (overtrekksdress) gjennom Sogn og Fjordane Skikrins

Sak 4 Opplegg for FIS løparar for 2011/12

Lilly informerer:

- Skikrinsen organiserar felles opplegg ifbm. 6-7 FIS renn (inkl. NM jr. I og II)
- Hovudleiar får dekkja reise og opphald (rullering)
- Hovudleiar si reise og opphald blir truleg finansiert gjennom eigendelar frå løparane ca 2500.- pr løpar
- I løpet av juni mnd. blir laga og aktuelle utøvarar tilsendt detaljinfo. om opplegget

Diskusjon i salen om reise:



-Sponsorbilen vart noko liten

-Buss er eit godt alternativ, sosialt for borna og ein kan ha noko færre vaksne med, dette er positivt sidan det vert mykje reising. Opplegget føreset at løparane sjølv preppar ski, dette skal ikkje vera ei oppgåve for lagleiar. Lagleiarrollen må alternera mellom klubbane.

Ingen i salen har innvendingar på størrelsen på eigenandelen.

Sak 5 Terminlista 2012

Lilly informerer:

Erfaringane med endringane i terminlista som vart gjort førre sesong er gode. Ein legg til grunn same struktur for terminlista kommande sesong

Følgjande arrangørar blir tildelt eit kvalifiseringsrenn:

- Haugen IL
- Stryn T&IL
- Breimsbygda IL
- Jølster IL
- Førde IL
- Sogndal IL
- Hafslo IL

Som eit utgangspunkt blir det lagt opp til ei rennhelg i kvar region t.d. etter følgjande modell:

Nordfjord	Sunnfjord	Sogn
Breimsbygda IL – laurdag	Førde IL – laurdag	Hafslo IL – laurdag
Stryn T&IL – søndag	Jølster IL – søndag	Sogndal IL – søndag

Fartshelg på Harpefossen/ Haugen IL

I tillegg skal følgjande arrangement avviklast:



- Fjord1 Cup
- Finale Fjord1 Cup
- Even Hole Cup
- Grotlireнна
- Fjord1 samlingar i samarbeid med Kjus Rennskule.

Komiteen vurderar også om ein skal terminfeste eit arrangement i tillegg til arrangementa som er nemnde ovanfor tidleg i sesongen (januar).

Dato for dette arrangementet bør fastsettast i terminlista, men arrangøren bør avklarast først når ein veit kva anlegg som har gode skihøve på dette tidspunktet.

Det er kome innspel om at ein bør leggje til rette for to fartshelgar i fylket i 2012.

Vidare ynskjer Haugen IL å vere fast arrangør av den eine fartshelga i framtida.

Dvs. at Stryn T&IL og Jølster IL kan veksle på gjennomføring av den andre fartshelga, og at KM i Super G blir lagt annakvart år til Stryn T&IL og Jølster IL.

Betten kjem med innspel om at Haugen Alpin bør få arrangere KM.

Det vert også kommentert om ein burde ha ei "mobil" rennhelg i fylket.

Det kom innspel frå salen om at der var for lite fartstrening, Det kom forslag om ei fartshelg i februar, og deretter påfølgjande fartstreningar tett etterfulgt.

Det vart vidare diskutert om "Jentefart" og "Gutefart" burde arrangerast i same tidsperiode, dette har vore diskutert ved tidlegare høve. Jentene sjølv ynskjer ikkje å slå saman gruppene, trenar ser også at jentene har tendens til å "vegge" seg noko når jentene og gutane trenar saman. Ynskje om å få fartssamlingane inn på samlingsplan og undersøka muligheita for Sogn og Fjordaneprisar på fartssamlingane. Er det mogeleg å byta om på jente og gutefart tidspunkta? Problematisk for alle tett opptil jul.



Sak 7 Økonomi og budsjett

Thorsen informerer om rekneskapen i Sogn og Fjordane Skikrins for 2010.

Trass noko ubalanse på dei ulike postane i budsjettet, syner sluttsummen å gå i balanse.

Ingen kommentarar på budsjettet frå salen. Eit overskot på ca. 4000.- kr

Sak 8 Eventuelt

1. Det kom innspel frå salen om at ein bør verte flinkare til å sende ut resultatlistar til aviser, samt legge ut informasjon på nett. Dette vil lette arbeidet med sponsormidlar.
2. Det vart stilt spørsmål om ein misser sponsoravtaler til trykk av klubbkle, når så mange har høve til å kjøpe krinsbekledning. Viktig å profilere klubb og skisenter, ein diskuterte fleire modellar for rimelegare og kanskje lettare bekledning til kretsutøvarane. Evt. softshelljakke eller barmarkskle. Ein kan også lage jakker til hovudlandsfinle/landsfinale til ein rimeleg pris.

Referent; Britt Kari Vasstein (Jølster IL Alpin)